



ÅRSMØTEPAPIRER 2014



NORSK BOBIL OG CARAVAN CLUB
avdeling Sogn og Fjordane

Årsmøte for årsmeldingsperioden 2014
Best Western Skei Hotel, Skei i Jølster

7. februar 2015 Kl. 14.00



**ÅRSMELDING NORSK BOBIL OG CARAVAN CLUB
AVDELING SOGN OG FJORDANE**

2014

**SAKSLISTE FOR ÅRSMØTE PÅ BEST WESTERN SKEI HOTEL DEN 7.
FEBRUAR 2015 KL. 14.00**

SAK 1 OPNING

SAK 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG DAGSORDEN

SAK 3 VAL AV MØTELEIAR OG MØTESEKRETÆR

**SAK 4 VAL AV 2 PERSONAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTE-
PROTOKOLL**

SAK 5 STYRET SI ÅRSMELDING 2014

SAK 6 REKNESKAP 2014

SAK 7 INNKOMNE SAKER

SAK 8 BUDSJETT 2015

SAK 9 VAL

SAK 10 AVSLUTNING



SAK 5 STYRET SI ÅRSMELDING 2014

STYRET SI SAMANSETJING OG STYREMØTER

Styret i NBCC avdeling Sogn og Fjordane har vore samansett slik i meldingsåret:

Leiar:	Berit Seljeseth Osa, Eikefjord
Nestleiar:	Leon Tonheim, Eikefjord
Sekretær:	Ron Erik Sande, Florø
Kasserar:	Wenche Horsevik, Sande
Styremedlem	Harald Solheim, Bygstad
Styremedlem	Alf-Erik Vereide, Sandane
Styremedlem	Audun Øvrestrand, Sande
1. varamedlem:	Kim Rudi Bjørnset, Bjørnset
2. varamedlem:	Jon Andor Ellingsund, Førde
3. varamedlem:	Anders Øye, Dale

I meldingsåret har det vore halde 6 styremøte og handsama 72 saker. Dei viktigaste sakene har vore: planlegging/gjennomføring av årsmøte, konstituering av komitear og utval, Kuletrykket, heimesida, medlemsutvikling, økonomi, oppfølging av terminliste 2014 med aktivitetar som tekniske kontrollar, medlemsmøte, regiontreff, hausttreff og merkekøyring.

MØTER, TREFF OG ANDRE AKTIVITETAR, SAMT EVT. REPRESENTASJON

MEDLEMSTREFF PÅ BILTEMA 10 MAI 2014

Dagen begynte litt småvått med nokken regndråper på morgenen, men det letta opp og det skulle vise seg å bli en meget flott dag, med sol og fin temperatur.

Dessverre var det lite oppmøte blant camping interesserte, men dei få som dukka opp slo av en hyggelig prat og fekk servert både kaffi og pølser, så vi koste oss sjølv om vi ikkje var mange.

Kanskje med litt promotering når datoen nærmer seg, så vil folk huske på det og folk vil ta turen for å slå av en prat, kanskje til og med få ett påfyll av både kaffi, pølser og ett gasskort i samme slengen.

Ansvarleg Styret

TEKNISK

Det vart også i år utført kontrollar på Sandane i samarbeid med Truck Nord. I Førde og Kaupanger utførte vi kontrollane i eigen regi.

På Sandane var det dårlig oppmøte pga feil dato i terminlista som sto i kuletrykket. Så her kom berre ein bubil og ei vogn, begge feilfrie.

I Førde var oppmøte bra i høve til tidligere år. Her kom 6 bubilar og 2 vogner, også her alle feilfrie.

På Kaupanger hadde vi det beste frammøte nokon gong i Sogn. Her kom 4 bubilar og 5 vogner. Alle bubilane og 4 vogner var feilfrie. Ei vogn vart ikkje godkjent pga gasslekkasje og laust bremsstag.

Det er bra å sjå at det er så god standard på ekvipasjane.



Det vart utført sjekk av fastliggarvogner på Jølstraholmen camping. Her vart 3 vogner sjekka for gass og strøm. Alle feilfrie.

Ansvarleg Leon Tonheim

TRAFFIK OG TRYGGLEIK

I år ble det ikkje gjennomført verken teoretisk kurs eller praktisk kjøring fordi det var for få påmeldte. Vi vil prøve på nytt å få til et nytt teorikurs i 2015.

Ansvarleg Harald Solheim

MERKEKJØRING

Merkekjøring og Fylkesmesterskap vart i år arrangert i samband med hausttreffet på Førde Gjestehus og Camping. Vi fekk lov å vere på Truck Nor sitt område på Øyrane i Førde.



I utgangspunktet skulle merkekjøringa og fylkesmesterskapet avviklast laurdag 16.08.14. på Sandane i samband med Sandanedagane, men på grunn av kunn to påmelde vart det bestemt å flytte dette til hausttreffet for å sjå om vi ikkje kunne få med fleire deltakarar, og det fekk vi. Ttil saman 10 deltakarar melde seg på og stilte til prøve. Av desse var det 5 medlemmar som ville prøve seg for første gang og såleis køyre til bronsemerket, der ein av desse køyrde med bubil og resten med hengar. Alle desse klarte kravet. 5 medlemmar skulle køyre til gullmerket, der 3 køyrde med hengar og 2 med bubil. 3 av desse klarte kravet,

medan 2 gav seg etter eit par forsøk. Som ein av dei sa, må heim og trene til neste år.

Deltakarane som bestod krava til merkekjøring var:

Frode Holvik-----gullmerke med vogn,	Odd Svensen -----gullmerke med vogn,
Harald Solheim -----gullmerke med vogn,	Frode Lindborg ----bronse merke med vogn,
Erik Veum -----bronsemerke med vogn	Solmund Helle -----bronsemerke med vogn,
Jan Inge Sætre -----bronsemerke med vogn	Aud Standal -----bronsemerke med bubil.

Gratulerer til alle desse.

Grunna ingen stilte til start, vart det ikkje avvikla fylkesmesterskap dette året.

Vi takker Odd Svensen for god hjelp i samband med gjennomføringa, og at han også dette året stilte opp som hovud dommar.

Ansvarleg Harald Solheim

REGIONTREFFET 2014.

Dette vart arrangert på Dalsøren camping i Luster 6-9 juni, og det var avd Sogn og Fjordane som var vertskap for årets regiontreff.



Det var ei strålende helg på alle måtar, med eit fantastisk veir og bra frammøte. Det vart vanskeleg å få eit nøyaktig tal på einingar då Dalsøren Camping ikkje hadde nokon gode lister for oversikt. Men vi kom fram til eit tal på ca 57 einingar. Nokre frå avdeling Bergen, men det store fleirtalet frå vår avdeling. Styret var ansvarleg for avviklinga av treffet. For nokon av



oss var dette første gong i treffkomiteen men med mange gode krefter var vi eit godt team og eg vil påstå at vi kom vel frå avviklinga av det heile. Folk kosa seg i sommarvarmen og alt låg til rette for aktivitetar ute i det fri.

Det var konkurransar både i pilkast, hesteskosting og sjølvsgatt kongespel turnering. Dette var aktivitetar både små og store deltok på. På kvelden samlast vi i teltet og hadde litt "assortert underhaldning". Lotteri, quiz og allsang var på agendaen. Nokon avslørte talent som vi andre sette stor pris på og det som spesielt må nemnast er framføringar av Jakob Sande sine mange viser. Ei flott oppleving litt utpå kvelden. Søndag formiddag var vi nokre få som orka gå opp til garden Berge som ligg på eit flott utsiktspunkt med utsyn utover Lustrafjorden. Ei stor takk til alle dei som var med og gjorde dette til eit flott og triveleg treff.

Ansvarleg Styret

HAUSTTREFF

Førde Gjestehus og Camping 29. – 31. august 2014.

Det var totalt 31 einingar som kom på treffet denne helga og mange av desse var på treff for første gang.

Medlemmar frå treffkomiteen gjekk rundt til alle einingane og ynskte dei velkomne, delte ut den vanlege posen innehaldande program for helga og diverse oppgåver, samla inn treffavgifta på kr. 50,- som har vore den same i alle år. Kl. 22.00 samla vi alle i teltet til informasjon og sosialt samvær.

Laurdag var det tid for aktivitet. Natursti for både vaksne og barn. Sal av vinlotteri som vart trekt om kvelden. Vi hadde hestesko og pilkast konkurranse. Barna fekk kaste på brusflaske. Dei vaksne tippa vekt på ei skinke og barna tippa på antall godteri i ei krukke.

På ettermiddagen var det innleiande rundar i Kongespelturnering.

Laurdag kveld var det to rundar med Bingo der vi hadde pengepremiar.

Etter bingoen var det trekking av vinlotteriet. Vidare var det programinnslag der Solmund Helle fortalte historier. Godt motteke, og folk hadde latterdøra på vidt gap. Vi fortsette med allsang frå songhefte samansatt av Solmund, og han var også forsongar. Neste programinnslag var det leiaren i klubben, Berit Seljeseth Osa, som stod for. Ho "køyrde" ein quiz som også vart godt motteken av dei frammøtte i teltet. Vidare framover var det musikk av dei vanlege, og ein lyt vel sei, faste spelemennene våre. Dei fekk denne gongen ekstra hjelp av ein ny på treffet. Det sosiale samværet fortsette ut over natta, og klokka var 02.30 før lyset vart sløkt i teltet.

Søndagen starta med finale i kongespelturneringa. Sigeren gjekk til "Hovlandstølen opp" denne gongen. Kl.12.00 var det samling i teltet der det var premieutdeling for dei ymse aktivitetane og loddtrekning av lodda som var selde gjennom helga. Mesteparten av gevinstane og premiane var også denne gongen gjevne av butikkar og andre næringsdrivande.

Takk til alle desse, og spesielt må vi få takke butikkane i Dale som nær sagt samtlige gav eit eller anna. Her gjorde Reidun og Anders ein god jobb som fekk så god respons.

Vinnarane av spekeskinke og gotteriglas fekk desse utdelte.





Så gjenstod det berre å takke for helga og ynskje alle god tur heim med håp om at alle hadde hatt ei triveleg helg på hausttreffet 2014.

Takk til alle som stiller opp og er med å rigge ned att telt, utstyr og får det pakka og lasta inn att i hengaren. Vi var denne gangen heldige som kunne få legge saman eit tørt telt.

Treffkomite Hausttreffet 2014: Harald Solheim, Berit Seljeseth Osa, Reidun og Anders Øye, Eva og Kjell Landøy, Målfrid og Johan Steindal.

MEDLEMSUTVIKLING

NBCC avdeling Sogn og Fjordane hadde pr 31.12.2014 ca 630 medlemsfamiliar. Dette er ein nedgang frå året før. Men sjølv om det er avgang er det og tilgang på nye medlemmar. Pr 28.12 er det registrert 57 nye medlemsfamiliar. Den siste på sjølvaste julafta. Til samanlikning hadde vi i 2013 ein tilgang på 66 nye medlemsfamiliar. Så må det og seiast at det har si årsak at vi skriv talet med ca.

Gjennom året har tal medlemsfamiliar svinga og det har derfor vore grunn til å stille spørsmål om medlemsregisteret er heilt korrekt. Leiaren har fått bekrefte at registeret ikkje er heilt "stabil". Dette er sjølv sagt uheldig då det er dette som dannar grunnlag for utsending av diverse info frå styret, som for eksempel medlemsbladet Kuletrykket. Frå årsskiftet er det teke i bruk eit nytt medlemsregister så det er å håpe at dette vil rette seg. Men det er ingen tvil om at tal medlemmar har gått ned, dette viser og att på medlemskontingenten inn til vår avdeling.

ANDRE AKTIVITETAR I AVDELINGA

NBCC'S LANDSMØTE 2014.

30.mai – 1.juni på Quality Airport Hotell Gardermoen

Ei flott helg i slutten av mai 2014 vart landsmøte til NCC avvikla på Gardermoen. Det var 113 delegatar pluss ledsagere, valkomiteen, administrasjon og æresgjester var vi totalt 229 personer samla i NCC ånd denne helga.

Frå Sogn og Fjordane var vi ein fin gjeng på 8 stykker. Som delegatar var det Berit Seljeseth Osa, Wenche Horsevik og John Ellingsund. I tillegg var Arvid Kjøsnes med som sentralstyremedlem og Leon Tonheim som landsstyre-medlem. Marit Løvfald, Oddlaug H Kjøsnes og Bjarne Horsevik var med som ledsagere.

Ledsagerne var på ein fin tur til Oscarshall på Bygdøy utanfor Oslo, medan vi delegatar starta landsmøtet som vart offisielt opna av samferdsels minister Ketil Solvik-Olsen.

Det var eit greitt landsmøte. Av 2 innkomne saker var det saka om namneendring som skapte mest debatt. Som alle veit vart resultatet at ein skifta namn til Norsk Bobil og Caravan Club. Vidare var det og drøftingar kring ny organisasjonsstruktur.

Valet til nytt sentralstyre vart ein gedigen nedtur for benken frå Sogn og Fjordane. Arvid Kjøsnes vart ikkje gjenvalt til sentralstyret til fordel for kvinnekvotering. Det vi reagerte kraftig på, var at dei to som ikkje vart gjenvalt til sentralstyre ikkje vart takka av på ein verdig måte. Det vart ikkje sagt eit ord til takk korkje avslutningsvis på landsmøte eller på festmiddagen om kvelden. Det skal då seiast at det mangla ikkje på blomsterutdelingar til korkje jubilarar eller andre, berre ikkje til dei som har lagt ned ein betydeleg innsats over den siste 4 års landsmøteperioden ! Dette er ikkje ein organisasjon som NBCC verdig!



Bortsett frå valet vart det ei strålende helg der vi møtte mange campingvener og hadde mange gode diskusjonar både i formelle former og i dei uformelle fora.

ÅRSMØTE I REGION 7 (NBCC avd. Sogn og Fjordane og NBCC avd. Bergen)

Marit Løvfald og Leon Tonheim, June og Kim Rudi Bjørnset deltok på årsmøte i regionen den 19 oktober. Årsmøtet vart avvikla på Ågotnes hotell i Bergen. Årsmøte handsama vanlige årsmøtesaker som: Landstyremedlemmenes årsmelding og felles caravantreff i 2015.

Harald Solheim gjekk av som 2 vara og Kim Rudi Bjørnseth vart valt som ny 2 vara.

Regionen er samansett av NBCC avd Sogn og Fjordane og NBCC avd Bergen. Det var 2063 medlemsfamiliar i regionen pr 31.12.2014 mens det var 2148 medlemsfamiliar pr 31.12.2013, dette er ein nedgang på 85 medlemsfamiliar fra førre årsskifte.

MEDLEMSINFORMASJON:

Avdelinga informera i 2 stk. Kuletrykket og 2 stk. miniKuletrykket kvart år. I tillegg vert det lagt ut informasjon på avdelinga si heimeside. Sekretæren etterlyser fortsatt artiklar, reiseskildringar og bilder som kan brukast i medlemsbladet vårt. Har du eller veit du om nokon av våre medlemmar som har noko som kan brukast, ta kontakt eller send til ein i styret.

VÅRT FORHOLD TIL CARAVANBRANSJEN.

I Sogn og Fjordane er det i meldingsåret berre 2 firma som forhandlar bubilar og campingvogner.

I 2013 var det 4 forhandlarar og 2 har dermed forsvunne. Avdelinga vår har ein god og open dialog med begge desse.

Styret var invitert til å delta på Caravan Vest AS si opningshelg på Skilbrei den 7 - 9 mars. Deler av styret fordelte ansvaret for NBCC standen mellom seg. Også i år stilte Caravan Vest AS gåver til disposisjon som vart trekt ut til dei besøkande denne helga. Caravan Vest AS er og rause med foreininga vår når det gjeld gevinstar til lotteri.

Lema Caravan og Fritid gjev avdelinga gåver som vi loddar ut på caravantreffa våre. Og vi vil nytte høve til å takke begge for at dei støttar klubben sitt arbeid.





Førde den 15. januar 2015

Berit Seljeseth Osa

Leon Tonheim

Ron Erik Sande

Wenche Horsevik

Harald Solheim

Alf Erik Vereide

Audun Øvrestrand

Kim Rudi Bjørnset

Jon Andor Ellingsund

Anders Øye





SAK 6 REKNESKAP 2014

NBCC, avd Sogn og Fjordane

Årsrekneskap 2014

Kontonr	Tekst	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Rekneskap 2013
Inntekter:				
3710	Kontrollavgift/merkekøyring	1 900	2 000	1 700
3900	Medlemskontingent (660 medlemmar)	118 544	119 700	114 060
3905	Treffavgift (80 enheter)	4 100	4 000	2 600
3910	Lotteri/bingo	14 590	15 000	10 215
3920	Reklameinntekter	23 500	22 000	23 500
3925	Renteinntekter	2 566	1 000	8 000
Sum inntekter		165 200	163 700	160 075
Utgifter				
5130	Honorar (regnskapsføring)	2 000	2 000	-
6300	Leige oppbevaring henger	3 500	2 500	2 000
6301	Leige lokale/andre kostnader	6 471	4 000	2 978
6540	Inventar/utstyr	-	4 500	3 365
6541	Nyinvestering	-	-	57 975
6550	Driftsmateriell	610	3 000	4 205
6562	Gåver	8 497	8 000	987
6565	Profilering	3 755	5 000	13 860
6800	Kontorutgifter	1 662	7 000	6 934
6820	Trykksaker	-	1 000	200
6840	Medlemsbladet Kuletrykket	31 415	30 000	28 468
6860	Årsmøteutgifter	12 462	20 000	15 270
6861	Årsmøte Region 7	-	5 000	-
6900	Telefon	4 000	4 000	4 000
6940	Portoutgifter	16 060	20 000	16 645
7040	Forsikring	2 215	3 000	2 118
7100	Reiseutgifter	21 730	20 000	19 105
7101	Reiseutgifter region 7	-	1 000	-
7190	Utgifter caravantreff	8 581	8 000	5 533
7195	Utgifter teknisk kontroll	-	1 500	-
7320	Reklamekostnad	-	3 000	2 650
7321	Annonsar	-	5 000	3 625
7350	Representasjon	-	2 000	-
7600	Lisensavgift	813	1 700	2 363
7710	Leiarkonferanser m.m	-	2 000	-
7770	Gebyr bank	234	300	184
7790	Andre utgifter	1 104	200	-
7835	Tap på fordringar	-	-	-
Sum utgifter		125 108	163 700	192 463
Årsresultat		40 092	-	-32 388



NBCC, avd Sogn og Fjordane

Balanse pr 31.12.2014

Eigedelar

Kontonr	Tekst	2014
1501	Andre kortsikige fordringar	7 197
1510	Kundeforddringar	1 000
Sum fordringar		8 197
1920	Bank, driftskonto	138 256
1921	Bank, sparing	149 805
Sum omløpsmidlar		288 061
Sum eigedelar		296 258

Eigenkapital og gjeld

Kontonr	Tekst	2014
2050	Eigenkapital	278 646
Sum eigenkapital		278 646
2400	Leverandørgjeld	17 611
Sum Leverandørgjeld		17 611
Sum eigenkapital og gjeld		296 258

SAK 7 INNKOMNE SAKER

7.1 INNKJØP AV NYTT MUSIKKANLEGG

Innkjøp av musikkanlegg til bruke ved arrangement



SAK 8 BUDSJETT 2015

NBCC, avd Sogn og Fjordane - Budsjett 2015

Konto	Tekst	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
		2015	2014	2014	2013
Inntekter:					
3710	Kontrollavgift/merkege	2 000	1 900	2 000	1 700
3900	Medlemskontingent	121 500	118 544	119 700	114 060
3905	Treffavgift	4 000	4 100	4 000	2 600
3910	Lotteri/bingo	15 000	14 590	15 000	10 215
3920	Reklameinntekter	24 000	23 500	22 000	23 500
3925	Diverse inntekter	3 000	2 566	1 000	8 000
Sum inntekter		169 500	165 200	163 700	160 075
Utgifter:					
5130	Honorar	-	2 000	2 000	-
6300	Leige oppb. Henger	3 500	3 500	2 500	2 000
6301	Leige lokaler	6 000	6 471	4 000	2 978
6540	Inventar/utstyr	-	-	4 500	3 365
6541	Nyinvestering/	40 000	-	-	57 975
6550	Driftsmateriell	1 000	610	3 000	4 205
6562	Gåver	8 500	8 497	8 000	987
6565	Profiling	4 000	3 755	5 000	13 860
6800	Kontorutgifter	5 000	1 662	7 000	6 934
6820	Trykksaker	-	-	1 000	200
6840	Medl.bladet Kuletrykke	32 000	31 415	30 000	28 468
6860	Årsmøteutgifter	20 000	12 462	20 000	15 270
6861	Årsmøteutgifter Region	5 000	-	5 000	-
6900	Telefon	4 000	4 000	4 000	4 000
6940	Porto	20 000	16 060	20 000	16 645
7040	Forsikring	2 200	2 215	3 000	2 118
7100	Reiseutgifter	22 000	21 730	20 000	19 105
7101	Reiseutgifter Region 7	1 000	-	1 000	-
7190	Utg. caravantreff	6 000	8 581	8 000	5 533
7195	Utgifter teknisk kontro	1 000	-	1 500	-
7320	Reklamekostnad	-	-	3 000	2 650
7321	Annonser	3 500	-	5 000	3 625
7350	Representasjon	-	-	2 000	-
7600	Lisensavgifter	1 000	813	1 700	2 363
7710	Leiarkonferanse m.m.	2 000	-	2 000	-
7770	Gebyr bank	300	234	300	184
7790	Andre utgifter	1 500	1 104	200	-
7835	Tap på fordringar	-	-	-	-
Sum utgifter		189 500	125 108	163 700	192 465
Årsresultat		-20 000	40 092	-	-32 390

**SAK 9 VAL**

Vedtektene § 9.2.5 seier at valkomiteens forslag skal være tilgjengelig for medlemmene minst 14 dagar før årsmøtet.

9 A) VAL NYTT AV STYRE

Funksjon	Sittande styre		Valnemnda sitt forslag til årsmøte 7/2 - 2015	Forslag valt for
Leiar:	Berit Seljeseth Osa	2 år	Ikkje på val	
Nestleiar	Leon Tonheim	På val	Attval	2 år
Sekretær	Ron Erik Sande	1 år	Ikkje på val	
Kasserar	Wenche Horsevik	2 år	Ikkje på val	
Styremedlem	Harald Solheim	2 år	Ikkje på val	
Styremedlem	Audun Øvrestrand	Ikkje attval	Kim Rudi Bjørnset	2 år
Styremedlem	Alf Erik Vereide	Ikkje attval	Frode Lindborg	2 år
1. varamedlem	Kim Rudi Bjørnset	Opprykk	Anders Øye	1 år
2. varamedlem	Jon Andor Ellingsund	Ikkje attval	Henning Titlestad	1 år
3. varamedlem	Anders Øye	Opprykk	Kåre Hestnes	1 år

9 B VAL AV REVISOR

Funksjon	Sit i funksjonen i dag	Valnemnda sitt forslag	Forslag valt for
Revisor	Svein Brattelid	Ikkje på val	
Revisor	Marit Veberg Ask	Harry Standal	2 år

9 C VAL AV RIDDERKOLEGIET «DET EDLE DRAG»

Funksjon	I funksjonen i 2014	Valnemnda sitt forslag	Forslag valt for
Leiar	Odd Svendsen	Odd Svendsen	1 år
Medlem	Erik Kvamme	Leon Tonheim	1 år
Medlem	Terje Johannesen	Terje Johannesen	1 år

9 D VAL AV TREFFKOMITE



I funksjonen i 2014	Valnemnda sitt forslag	Forslag valt for
Kjell og Eva Landøy	Ørjan og Laila Storesund	1 år
Målfrid og Johan Steindal	Bente og Frode Lindborg	1 år
Reidun og Anders Øye	Marit og Rune Nordal	1 år

9 E VAL AV NY VALNEMND

I NBCC sine vedtekter § 9.2.13 står det at årsmøte skal velje valkomité på tre medlemmar for 1 – eit – år, med tre vararepresentantar. Årsmøtet vel leder.

Styret i NBCC avd. Sogn og Fjordane innstiller følgjande personar i valnemnda for 2015. (kandidatane har blitt spurd og har takka ja til og sitje i valkomiteen)

	I funksjonen 2014	Styret sitt forslag 2015	Forslag valt for
Leiar	Jon Andor Ellingsund	Marit Løvfald	1 år
Medlem	Marit Løvfald	Jorunn Solheim	1 år
Medlem	Ørjan Storesund	Odd Svendsen	1 år
Varamedlem	Bjarne Horsevik		
Varamedlem	Håkon Råheim		
Varamedlem	Arne Aam		

Varamedlem taes som benkeforslag på årsmøte.

SAK 10 AVSLUTNING

Orientering

Jamfør NBCC-handboka, skal styret lede arbeidet i avdelinga. Blant anna inneber dette ansvar for arbeidsplaner (terminlister) og budsjetter, oppfølging av årsmøtevedtak og gjennomføring av pålegg frå dei sentrale organisasjons ledd.

**TERMINSLISTE 2015**

Dato	Aktivitet
03.01.2015	miniKuletrykket i posten
15.01.2015	Styremøte
07.02.2015	Årsmøte
05.03.2015	Styremøte
06.03.2015	Opningshelg Caravan Vest AS
23.03.2015	Kuletrykket - Levert i Posten
22.03.2015	Landsstyremøte NBCC, Gardermoen
??.04.2015	Teknisk kontroll, Sandane kl. 17:00
??.04.2015	Teknisk kontroll, Førde Kl. 17:00
??.04.2015	Teknisk kontroll, Kaupanger Kl. 17:00
23.04.2015	Styremøte
??.05.15	Køyreopplæringskurs, 2 kveldar
09.05.2015	Medlemsmøte
22.05.2015	Region 7 - treff , Hordaland
?? .05.2015	Tilbod til NBCC medl - fastliggarar ??
08.06.2015	MiniKuletrykket i Posten
11.06.2015	Styremøte
15.08.2015	Merkekjøring Sandane dagane Kl. 13:00
15.08.2015	Fylkesmeisterskap Sandane dagane, etter merkekøytinga
??.08.2015	Haust treff
17.09.2015	Styremøte
??.11.2015	Årsmøte NBCC Region 7
16.11.2015	Kuletrykket - Levert i Posten
19.11.2015	Styremøte
04.01.2016	miniKuletrykket i Posten
14.01.2016	Styremøte
06.02.2016	Årsmøte NBCC Avd. Sogn og Fjordane

Vedtak: Styret legg fram denne terminlista for årsmøte til orientering

Vi rettar ei stor takk til alle dei som har støtta oss med annonsar, gåver og premiar/gevinstar gjennom 2014.